



Freka Invest AS
Havnevegen 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/441 - 14/2205

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
19.02.2014

Godkjenning - oppføring av garasje på Frekhaug, gnr 23 bnr 86.

Administrativt vedtak. Saknr: 10/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av frittstående garasje på 44,6 m² på gbnr 23/86 i Meland kommune, jf plan- og bygningsbygningsloven (pbl) §§ 20-1 og 20-2. Søknaden er stempla motteke her 9.10.2013.

Freka Invest AS er tiltakshavar for tiltaket. Det er innsendt separat søknad om løyve til oppføring av tilbygg (car-port) til den andre bueininga på eigedomen, se sak 14/417. Søknadane er vurdert samla i høve til grad av utnytting.

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for 'Elvaåsen gnr 23 bnr 1 m.fl.' regulert til bustadføremål, område BK21. Omsøkt tiltak er i samsvar med planføremålet.

Nabovarsling:

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på vedlagte situasjonskart stempla motteke 15.1.2014 og oppførast i samsvar med vedlagte teikningar motteke same dato. Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-3.

Tiltaket er elles i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedommar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4 tredje ledd, bokstav a. Kommunen legg til grunn at Freka

Invest AS, heimelshavar til naboeigedomen gbnr 23/522, ved innsending av søknad samtykker i plassering av garasjen nærmare enn 1 meter frå grensa mot bnr 522.

Reguleringsplanen opnar for ein utnytting av tomta på inntil 30 % BYA. Det omsøkte tiltaket held seg innanfor dette kravet, med ein utnyttingsgrad på om lag 27,7 %. Dette er medrekna areal til oppføring av tilbygg som omsøkt i sak 14/417. I planområdet skal i samsvar med reguleringsføresegnene setjast av 1,5 parkeringsplass for kvar buening i planområdet. Det omsøkte tiltaket er òg i samsvar med dette kravet.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2 løyve til oppføring av frittstående garasje på 44,6 m² på gbnr 23/86, jf søknad stempla motteke 15.1.2014.

Plasseringa skal vere som vist på vedlagte situasjonskart stempla motteke 15.1.2014, med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50cm. I høve til utforminga av tiltaket ver vist til vurderinga over og vedlagte teikningar stempla motteke 15.1.2014, med eit toleransekrav i vertikalt plan på +/- 20cm.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle register for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan – og bygningslova, så langt ikkje anna er bestemt ovanfor.

Gebyr for handsaming følger vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast i etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Mottakere:

Freka Invest AS
Oliver og Bjørg Hestnes

Havnevegen 3 5918
Hovdenvegen 7 5221

FREKHAUG
NESTTUN